



Møteprotokoll

Utval:	Ungdomsrådet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Sande rådhus
Dato:	02.03.2026
Tid:	kl 18.00 - 19.50

Desse møtte

Thea Jacobsen-Løvøy
Åse Refsnes Bonaa
Marius Karanauskas
Henrik Voldnes
Gabriel Slettestøl
Nathalie Dyrhol
Dhimitri Vintsani

Representerer

GUR
GUR
GUR
GUR
GUR
GUR
SAN

Funksjon

leiar
nestleiar
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem

Forfall

Sara Fugledal Wiik
Cassandra Hauge Vike
Tuva Riborg
Leon Tobias Hanssen Skarmyr

Representerer

AP
GUR
GUR
KVA

Varamedlem

Natalie Strandebø

Linni Voldnes

Representerer

AP

GUR

Røysteføre: 8

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:
Elin Almestad, spesialkonsulent
Susann Worren Hauge, kulturskulerektor
Lilly-Arlen Kvalsund, kommunalsjef oppvekst og kultur

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 06/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/218
PS 07/26	Godkjenning av protokoll	26/218
PS 08/26	Orienteringar	26/218
OS 03/26	Ungdomsrådssamling i Herøy	26/218
OS 04/26	Oppvekststruktur, ungdomsmiljø, kultur- og fritid	26/218
PS 09/26	Referatsaker	26/218
PS 10/26	Årsmelding for Ungdomsrådet for 2025	23/1639
PS 11/26	Høyringsak- framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sande kommune	25/8

Larsnes, 02.03.2026

Thea Jacobsen-Løvøy
Leiar

PS 06/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad

PS 07/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

PS 08/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
03/26	Ungdomsrådssamling i Herøy
04/26	Oppvekststruktur, ungdomsmiljø, kultur- og fritid

Vedtak:

Orienteringar vart samrøystes tekne til vitande.

Behandling:

Orientering rundt UKMlokalt

- Ny nettside for www.ukm.no
- 3 workshop vert arrangert i forkant av ukm;
 - Design t-skjorte 22.03 og 12.04
 - Lag di eiga veske 24.03 og 26.03
 - UKM Workshop med Oskar Sandanger – tidspunkt ikkje stadfesta

OS 03/26 Ungdomsrådssamling i Herøy

Behandling:

Gjennomgang og førebuing til ungdomskonferansen.

OS 04/26 Oppvekststruktur, ungdomsmiljø, kultur- og fritid

Behandling:

Kommunalsjef Lilly-Arlen Kvalsund orienterte om prosessen rundt oppvekst- og kulturstrukturen i Sande, og om kommunedirektøren si innstilling som er sendt ut på høyring. Det vart lagt opp workshop

PS 09/26 Referatsaker

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

PS 10/26 Årsmelding for Ungdomsrådet for 2025

Vedtak:

Ungdomsrådet tilrår:

Kommunestyret tek årsmeldinga til vitande.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tek årsmeldinga til vitande.

PS 11/26 Høyringssak- framtidig organisering av oppvekstsektoren i Sande kommune

Vedtak:

Ungdomsrådet tek orienteringa rundt framtidig organisering til vitande. Ungdomsrådet vil vurdre eige høyringssvar.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren byggjer tilrådinga si på det kunnskapsgrunnlaget som i sum er utarbeidd, i tillegg til dei ytterlegare presiseringane som har kome frå Telemarksforsking knytt til rapporten.

1. Skulestruktur

- Gursken skule (1-7) Larsnes skule (1-7) vert slått saman til ny felles barneskule i Gursken, frå og med skuleåret 2026/2027.
- Kvamsøy skule (8-10) blir flytta til ny felles ungdomsskule i Gursken (8-10), frå og med skuleåret 2026/2027.
- Kvamsøy skule (1.-7. trinn) held fram i noverande lokale, men blir organisert under felles leiling og administrasjon med ny samanslått skule i Gursken.

2. Barnehagestruktur

Barnehagestrukturen vert tilrådd uendra, men kommunedirektøren vil vurdere ny administrativ organisering av tenesta.

3. Kulturutvikling

- Kulturskulen blir flytta til Larsnes skule, men med moglegheit for bruk av lokala til musikk- og aktivitetsrom for SFO i Gursken.
- Kommunen skal, i samarbeid med frivilligsentralen, lag og organisasjonar og flyktningenesta, vurdere om tidlegare Larsnes skule kan utviklast til ein aktivitetsbase for kultur, ungdom, frivilligheit og idrett.
- Ei eventuell flytting av biblioteket blir utsett, i påvente av ei breiare vurdering av framtidsretta biblioteksdrift, inkludert:
- interkommunalt samarbeid
- «Meiråpent»-løysing med beteningsfri opningstid
- framtidig lokalisering

Saka vert lagt ut til offentleg ettersyn og frist for å kome med innspel er 14.april 2026.

Møtet slutt kl 19.50